

Litt om kvinnekroppen i norrøn leksikografisk samanheng

JAN RAGNAR HAGLAND

Utgangspunkt for den følgjande vesle leksikalske gjennomgangen er den svært lite belagde samansetjinga *konulær* n. ('kvinnelår') som er å finna i *Brennu-Njáls saga* (ÍF XII: 359, sjå nedanfor). Samansetjinga byr, som vi ser, ikkje på vanskar med omsyn til tydingsinhald, og ho har ikkje berre grammatisk genus, men er også klårt markert for sexus [+feminin]. Korleis er det med ordtilfang for ulike delar av sjølve kvinnekroppen i norrøn leksikalsk samanheng, vil det bli spurt i dette innlegget. Vi skal freista få med det mest vesentlege i diskusjonen som følgjer. Ein del grensetilfelle må drøftast, men ein del vil nok kunna falla utanom i så måte, utan at det skulle ha så mykje å seia for oversynet i seg sjølv.

Samansetjingar med ord for 'kvinne-' som førsteledd finst i eit visst omfang i det norrøne tekstkorpuset og er registrert i ordbøker, så som i Fritzner (1886–96), Heggstad, Hødnebø & Simensen (2012), Cleasby & Vigfusson (1957) og ONP (1995–). Den siste er nok den mest omfattande av desse. Dette førsteleddet har først og fremst forma *konu-*, *kván-*, *kvenna-*, t.d. som i *konulauss* eller *kvánlauss* adj., m.v., og ofte skil dette leddet ut kvinne som objekt i ei eller anna mening, så som *kvánbæn* f. for bøn om ei kvinne i tydinga frieri frå eller på vegner av ein mann, *konunám* n. for kvinnerov, *konumál* n. for sak som vedkjem ei kvinne eller òg sak om ein manns lauslivnad med ei kvinne m.m.m.

Samansette ord med desse førsteleddene som nemningar på delar av sjølve kvinnekroppen finn vi likevel ikkje så svært ofte i teksttilfanget som ligg til grunn for oppføringane i ordbøkene, så omfanget av registrerte ord for dette semantiske feltet er dermed ganske avgrensa. Saman-

Hagland, Jan Ragnar. 2018. Litt om kvinnekroppen i norrøn leksikografisk samanheng.
Scripta Islandica 69: 41–47.

© Jan Ragnar Hagland (CC BY)
<http://urn.kb.se/resolve?urn=urn:nbn:se:uu:diva-371475>

setjingar med *konu-* synest såleis ikkje å vera registrerte med meir enn ni ulike ord for delar av kvinnekroppen i kjeldeaterialet: *konubrjóst* n., *konuhár* n., *konuhjarta* n., *konuhqnd* f., *konukinn* n., *konukviðr* m., *konulíkami* m. og altså *konular* n. Tydinga til desse er sjølvforklarande og treng ikkje kommenterast nærmere her. Dei to første er også belagde med førsteleddet *kvenna-*: *kvennabrjóst* og *kvennahár*. I tillegg til desse skal nok òg samansetjinga *konuberendi* n. eller f. reknast med. Det er belagt i eit handskrift frå slutten av 1400-talet/første del av 1500-talet – Ms Royal Irish Academy 23 D 43 – med medisinsk innhald. Det heiter slik i det handskriftet: “ok [Almonium] er god vid konu bærendur ef þar er vercur j” (Larsen 1931: 59). Korkje det samansette *konuberendi* eller det usamansette *berendi* n. og f. er særleg utførleg diskuterte og forklarte i ordbokssamanheng. Fritzner (1886–96) fører t.d. opp “Hundyr. Dyr som føder (*berr*)” som einaste tyding av det usamansette ordet og sameleis andre (sjá likevel ONP under *berendi* tyding 2 som litt usikkert gir “(item pl.), (kvindes) fødselsorgan (sands. livmor)”). ÍO gir i alle fall som tyding nr. 1 av det usamansette *berendi* definisjonen “? burðarliður dýrs” og er altså ei eldre og no avglad tyding, som på moderne dansk vil tilsvare “et dyrs udvendige fødselsdele” (jf. ÍDO). Samansetjinga *konuberendi* ovanfor frå manuskriptet med medisinsk innhald kunne då omsetjast som følgjer til moderne norsk: “og [Almonium] er god for kvinnas ytre kjønnsdelar om det er verk i dei” og må såleis sjåast som ein del av det leksikalske tilfanget vi her har for oss. Leksikalsk tilfang med eksplisitt innhald knytt til kjønn og kjønnsliv har ordbøker gjerne hatt ein tendens til å sjå bort frå. Av og til, som her, må vi då gå omvegar for å finna fram ei tyding. Men nok om det i denne samanhengen.

Utanom dei ovannemnde tolv samansetjingane med *konu-/kvenna-* er det i ordbokssamanheng, så vidt eg kan sjå, einast belegg for *kvennahold* n., variant *kvenmannshold* n., ‘kvinnehold’ (jf. uttrykket *vera i godt hold*) og *kvenskqp* n.pl. i tydinga ‘kvinneleg kjønnsorgan’.

Det må framhaldast at samansetjingar med ord for ‘kvinne’ som førsteledd må oppfattast som markering for sexus, [+feminin], i alle dei samansette orda som er nemnde i det føregåande. Særleg tydeleg er dette når samansetjingsleddet er *kvenmanns-* som i *kvenmannshold* n. ovanfor og *kvenmannsauga*, *kvenmannsbein*, *kvenmannshqfuð*, *kvenmannshqnd*. Når førsteleddet er *mann-*, *manna-* eller *manns-*, verkar det samansette ordet å ha vore oppfatta som sexus-nøytralt og er for eksempel i Fritzner (1886–96) alltid omsett med “Menneske-”. Når det gjeld kroppsdelar, er då samansetjingsleddet *manns-* eller *manna-* nytta, som i *mannshár*

n., *mannshönd* f. og *mannabúkar* m.pl. Sexusmarkering for [+maskulin] skjer ved å nyttå samansetjingsleddet *karlmanns-*, og for delar av kroppen er *karlmannshár* n., *karlmannshjarta* n. og *karlmannshönd* f. registrerte.

Også samansetjingar med *kerlingar-* og *meyjar-* er i nokon monn nyttå om kvinnelege kroppsdelar: *kerlingarbúkr* m. ('-buk'), *kerlingarnári* m. ('-lyske, -svange'), *kerlingarnef* n. ('nase'), *kerlingarskrokkr* m. ('-[samanskrumpha] kropp'). Med *meyjar-* finst i alle fall *meyjarkinn* f. og *meyjarkviðr* m. (sjå òg nedanfor).

Ord samansette med *kerlingar-* og *meyjar-* synest elles i like stor eller større enn grad enn å vera semantisk markerte for sexus å vera markerte for alder [+/-gammal], eller [+/-ung] for den del. *Kerling* f.eks. [+gammal], *mær* [-gammal] utan at vi treng gå nærmare inn på det i nett denne samanhengen.

I alle fall synest det i det overleverte norrøne tekstkorpuset ikkje å ha vore så alt for nødvendig å nyttå ord for ulike delar av kroppen til kvinner spesielt. Ofte har nok ord utan markering for kva kjønn kroppsdeln høyrdé til, vore tilstrekkeleg i konteksten der dei er å finna. Ein 'falsk venn' i den samanheng som interesserer oss her, må vi kunna kalla nemninga *kvennaknē* n., som alltid er nyttå i abstrakt juridisk tyding for kvinneleg ledd i ei ætteline. Her høyrer følgjeleg *kvenleggr* m. med (kvinnesida i ei ættline). Desse fell i alle fall utanom det vi skal ta opp i denne venda. Det kronologisk seine og svært lite belagde *kvennahold* n. i tydinga 'kvinnekropp, kvinnelekam' allment sett ligg også i periferien av det vi vil ta fram her, og *konukviðr* m. 'kvinnebuk, morsliv' synest helst å høyra heime i religiøs språkbruk, som i *Stjórn* og *Jóns saga baptista*. Det same gjeld samansetjinga *meyjarkviðr* m. som i hovudsak er belagd i homiliebøkene. Dette jamvel om i alle fall *konukviðr* sikkert nok òg har hatt sin plass i allmennspråket.¹

I dei fleste, kanskje alle, tilfelle der kjønn er markert i samband med kroppsdelar, ser det ut til å ha vore kjønns-spesifikke skilnader eller eigenskapar det har vore ønskeleg eller nødvendig å framheva. Ofte kan nett det ha vore avgjerande for narrativ der slike spesifiseringar er å finna. Eit godt døme finn vi i *Eyrbyggja saga*, der det i ein handskriftsvariant heiter slik: "Í túninu í Mávahlíð fannz hond, þar sem þeir hofðu bariz, ok [...] hann sá at þetta var konuhönd" 'på tunet i Mávahlid vart det funne ei hand der dei hadde slåst, og han såg at dette var ei kvinnehånd' (Gering 1897: 53). Det vart då straks mistanke om at handa kunne høyra til *Auðr*

¹ For tilvisingar til ordboksbelegg og sitat her og oftast elles, sjå ONP på nett.

húsfreyja og så klårlagt at slik var det, og at ho var *handhqggvin*, men ikkje drepen. Dette er så med på å driva handlinga vidare.

Eit anna døme kan hentast frå ein tekst med medisinske råd. Denne tilrar bruk av olje frå oliventre for å fremja hårvekst: “smyr med þi, þar sem þu villt at har vaxe, þat stodar sva mikit, þo ath þu ridir þi að konu kinn þa mun þar har vaxa” ‘smør med det der som du vil at hår skal veksa, det vil gagna så mykje at om du enn gnir det på eit kvinnekinn, så vil det veksa hår der’ (Kålund 1908: 75).

Av det svært så avgrensa ordtilfanget for delar av kvinnekroppen skal vi nöya oss med å ta spesielt fram *ei* av desse samansetjingane – det lite belagde *konular* n. ‘kvinnelår’ som er nemnt innleiingsvis her, og sjå litt nærmare på det. Det finst altså berre oppført i ONP og der einast med eitt belegg, frå kap. 135 av *Brennu-Njáls saga* (ÍF XII: 359). Herverande forfattar vart først merksam på denne samansetjinga i samband med nyomsetjing av denne soga til norsk, utan då å vera merksam på kor lågfrekvent ordet er i overleverte tekstar. Det usamansette *lær* n. har naturleg nok svært mange ordboksbelegg, både som kroppsdel på menn og kvinner. Som nemnt ovanfor, går den sida av saka som har med sexus å gjera, oftast greitt fram i ein tekstsamanheng, utan nærmere spesifisering enn t.d. eit determinativ så som i dømet nedanfor frå eit handskrift med ymse slags medisinske råd. Om ei kvinne har stort blodtap, heiter det der, skal ein rissa eit vers på eit (rune)kjevle “ok bitt kelfit (*sic*) vid hægra lær hennar” ‘og bind kjevlet langs høgre låret hennar’ (Larsen 1931: 51), m.fl.

I *Brennu-Njáls saga* heiter det i alle fall om Pórhallr Ásgrímsson at han vart skadd i foten “svá mikit, at fyrir ofan ökkla var fóttrinn svá digr ok þrútinn sem konulær, ok mátti hann ekki ganga nema við staf” ‘så mykje at leggen ovanfor okla trutna opp og vart så tjukk som eit kvinnelår, og han kunne ikkje gå utan med stav’ (ÍF XII: 359).

Det er, som nemnt innleiingsvis, sjølv sagt ingen tydingsproblem med dette eingongsbelegget. Men det kan likevel vera av ei viss interesse å sjå litt nærmare på korleis ordet er nytta i tekstsamanhengen og kva det der er uttrykk for. Det er utan tvil slik at narrativet ønskjer å understreka at foten, eller leggen i dette tilfellet, trutna svært så mykje opp – ikkje berre til å få storleik som eit lår (*lær*), men jamvel til å verta stort som eit kvinnelår (*konulær*). Dette må innebera ei oppfatning av og/eller ei røynsle for at eit kvinnelår var noko det verkeleg var tak i. Den målestokken som her ligg implisitt, verkar nøytral, i alle fall utan negative konnotasjoner og står fram mest som ei tilvising til verda slik ho faktisk er. Men det er etter alt å dømma ei samanlikning sett med mannsaugo, og det kan vera

eut indisium på korleis menn ville at kvinnelår skulle vera eller meinte/ønskte at kvinnelår var, for det må jo også ha funnest tynne slike til alle tider. Det kan såleis òg ligga løynt eit ideal i den samanlikninga som har fått sin plass i dette litterære storverket, utan at dét poenget let seg pressa særleg langt. Men vi kan lettast sjå for oss ein mannleg forteljar her og eit mannleg publikum. Ei kvinne ville neppe ha valt ei liknande samanlikning.

Alt dette ligg som vi ser utanom den semantiske kjernen for samansetjinga *konular*. Men konteksten det er nyitta i, den eine gongen vi har belegg for ordet, kan vera med og avsløra holdningar og tankegang i samfunnet der teksten vart til og så motteken i. Det er like mykje eit tekstleg eller pragmatisk spørsmål som eit semantisk og har såleis kanskje ikkje plass i ei ordbok. Vi skal ikkje spekulera meir på det i denne venda, men det kan likevel vera verdt å ta fram ei jamføring som liknar den vi ser med ‘kvinnelåret’ i *Brennu-Njáls saga*. I samtidssoga *Hrafns saga Sveinbjarnarsonar*² finn vi følgjande karakteristikk av Markús Sveinbjarnarson: “Markus var mikill madur vexti ok ram<r> at afli. svo var handlegur hans digr medal axlar ok olboga sem lær mans væri” ‘Markus var ein stor mann av vekst og ramsterk, og overarmen hans var så diger mellom aksla og olbogen som var det låret på eit menneske’ (Loth 1960: 182). Dette er med og understrekar at det er tale om ein imponerande overarm. Men jamført med *Brennu-Njáls sagas konular* må vi nok sjå for oss ein mindre omfangsrik arm i *Hrafns saga* enn den oppsvulma leggen til Pórhallr Ásgrímsson i *Njála*. Og jamvel om det i både desse tilfella er nyitta same kroppsdel til samanlikning, rett nok berre med det eine (*konular*) semantisk markert for sexus (sjå ovanfor), er det i belegget frå *Hrafns saga* leksikalsk sett eigentleg ikkje tale om eit samansett ord. Eitt belegg finst i ONP, frå *Alexanders saga*, på samansetjinga *mannslær* n., “þar drogum ver madka digrari manz læri” ‘der drog vi makkar digrare enn menneskelår’ (Jónsson 1925: 165).³ Elles har vi korkje belegg for ‘mannslår’ eller ‘menneskelår’ i norrøne ordbøker, for ikkje å seia det genusmarkerte *karlmannslær*, som det ikkje er registrert tekstleg belegg for. Det synest altså å ha vore endå mindre bruk for dét i tekstu enn for ‘kvinnelår’.

Når vi ser på det samla tilfanget med samansette ord som er drøfta i

² Soga finst både som sjølvstendig soge og som del av Sturlungesaga-komplekset, jf. t.d. Tulinius (2016: 94).

³ Eg takkar ein anonym tekstgranskare for denne tilvisinga.

det føregåande, må vi rekna med at det er eit kronologisk skilje mellom førsteledda *kván-/kven-/kvenna-/konu-*, utan at det skiljet let seg utleia av det tilgjengelege kjeldematerialet. Det spørsmålet er då ikkje tematisert i denne samanhengen. Men det kunne vera verdt å ta det opp ved eit anna høve.

Markeringa av *sexus* som er innebygd i dei samansetjingane vi har sett på i dette oversynet, har pragmatiske sider ved seg, utan at desse kan seiast å vera ein tydige.

Litteratur

- Cleasby, Richard & Gudbrand Vigfusson, 1957: *An Icelandic–English Dictionary*. Second edition with a supplement by Sir William A. Craigie. Oxford: The Clarendon Press.
- Fritzner, Johan, 1886–96: *Ordbog over Det gamle norske Sprog I–III*. Omarbeidet, forøget og forbedret Udgave. Kristiania: Den norske Forlagsforening.
- Gering, Hugo, 1897: *Eyrbyggja saga*. (Altnordische Saga-Bibliothek 6.) Halle a. S.: Max Niemeyer.
- Heggstad, Leiv, Finn Hødnebø & Erik Simensen (red.), 2012: *Norrøn ordbok*. 5. utgåva. 2. opplag. Oslo: Det Norske Samlaget.
- ÍF XII = Einar Ól. Sveinsson (utg.), 1954: *Brennu-Njáls saga*. (Íslenzk fornrit XII.) Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag.
- ÍDO = Ole Widding, Haraldur Magnússon & Preben Meulengracht Sørensen (red.), 1976: *Íslenzk-dönsk orðabók*. Reykjavík: Ísafoldarprentsmiðja hf.
- ÍO = Árni Böðvarsson (red.), 1983: *Íslensk orðabók*. Önnur útgáfa, aukin og bætt. Reykjavík: Almenna bókafélagið.
- Jónsson, Finnur (utg.), 1925: *Alexanders saga. Islandsk oversettelse ved Brandr Jónsson (biskop til Holar 1263–64)*. København: Kommissionen for det Arnamagnæanske Legat.
- Kálund, Kr. (utg.), 1908: *Alfræði íslenzk: Islandsk encyclopædisk litteratur* 1. (Samfund til Udgivelse af Gammel Nordisk Litteratur 37.) København: Møller.
- Larsen, Henning (utg.), 1931: *An Old Icelandic Medical Miscellany*. Oslo: Det Norske Videnskaps-Akademii Oslo.
- Loth, Agnete (utg.), 1960: *Membrana Regia Deperdita*. (Editiones Arnamagnæanæ. Ser. A. Vol. 5.) København: Ejnar Munksgaard.
- ONP = *Ordbog over det norrøne prosasprog*. 1995–. På nett: <http://onp.ku.dk>
- Tulinius, Torfi H., 2016: *Hvers manns gagn*. Hrafn Sveinbjarnarson and the social role of Icelandic chieftains around 1200. *Saga-Book*. Vol XL: 91–104.

Summary

The present contribution briefly discusses specific terms for parts of the female body in the Old Norse lexicon. To what degree and how are parts of the body specified lexically, it is asked. In addition the semantics of the compound *konulær* ('woman's thigh'), not at all frequent in texts, is highlighted and discussed in more detail.

Keywords: Parts of the body, female, male, Old Norse lexical entries

Jan Ragnar Hagland

NTNU Trondheim

Institutt for språk og litteratur

jan.ragnar.hagland@ntnu.no

